Fyresdal Kommune
Kommunalsjef Plan og teknikk
Halvor Homme

21.04.2026

Frå

Bebuarar i Folkestadbyen, 56 underskrifter.

Vi som bur i Folkestadbyen er opptatt av trivsel og ikkje minst sikkerheit i området. I samband med dette, har vi fått greie på at Vest Telemark museum har planar om eit brannvarslingsanlegg knytt opp til Øyskogen. Det har òg kome eit tilbod frå VTM til kommunen om at Folkestadbyen kunne vere knytt opp til dette anlegget. VTM skal ta kostnader knytt til planlegging installasjon av brannvarslingsutstyret. Kommunen må bidrage til drift og ettersyn (via Dyrud). Nå har vi diverre hatt eit branntilløp i eit av husa i Skippergata, som heldigvis ikkje utvikla seg til ein storbrann. Folkestadbyen med sin unike oppbygging og kulturelle verdi, er særs sårbar i høve til brann. Det er mange fastbuande i dei fleste husa, langtidsutleige og utleige til landsbyovernatting. Det sistnemnte er eit prosjekt igangsett av kommunen.

Vi ynskjer difor at Fyresdal kommune nyttar seg av tilbodet om brannvarslingssystem knytt til Folkestadbyen som dei har fått frå Vest Telemark museum.